

# Helse sett i system

► Ny satsing i fylket for å førebyggje skader og ulykker

**FØRDE:** Fleire kommunar er med i ny satsing for å skape tryggare lokalsamfunn.

## HELSE

ANDREAS ISAKSEN DAHL  
andreas@firda.no 95033574

- Det er eit område som treng merksemd. Det er store samfunnsmessige kostnader med skader. Men hardest går det ut over dei som er involvert og familiane, seier Emma Bjørnsen, fagkoordinator for folkehelse i Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

### Helsegevinst

Sogn og Fjordane fylkeskommune har starta ei langsiktig satsing for å førebyggje skader og ulykker i kommunane. Satsinga må sjåast inn mot den nye Samhandlingsreformen og folkehelselova, som byrja gjelde frå 1. januar. Den første delen av satsinga starta i går, då åtte kommunar møttest til oppstartssamling i Førde.

- Vi i fylkeskommunen skal skape arenaen og støtte dei i arbeidet framover, seier Bjørnsen.

Ei investering i førebyggjande arbeid, og tidleg innsats, skal over tid gje helsegevinst og spare helse- og samfunnskostnader.

- Det er gode moglegheiter for å førebyggje ulykker dersom det vert lagt til rette for det. Det er god økonomi å førebyggje framfor å behandle og reparere, fortel Heidi Ekehaug, rådgjevar folkehelse ved Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### Trygge lokalsamfunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk i 2005 status som trygt lo-



**EIN ARENA:** Eva Jakobson Vaagland, dagleg leiar i Skadeforebyggende forum held foredrag om kva Trygge lokalsamfunn er og korleis ein skal jobbe mot denne godkjenninga.

Foto: Andreas Isaksen Dahl

kalsamfunn i det globale nettverket til Verdas helseorganisasjon (WHO). Fylket, saman med Høyanger og Årdal er ein del av 19 stader i Norge som er godkjende Trygge lokalsamfunn. Saman er dei ein del av eit nettverk på 250 godkjende område i heile verda. No ønskjer Fylkeskommunen å inkludere fleire kommunar. Som eit første steg må kommunane innsjå at skader og ulykker er eit problem. Sidan kan ein finne ut kor fokuset skal rettast.

- Det skal ei bevisstgjerung og haldningsendring til. Trygge lokalsamfunn inneber at kommunen tek på seg skadeforebyggjande briller og tenkjer på dette i kvart ledd, seier Eva Jakobson Vaagland, dagleg leiar i Skadeforebyggende forum.

- Først av alt må det fattast eit vedtak om at dei skal ta dette standpunktet. Dei må ha ein langsiktig plan som dekkjer alle aldersgrupper og miljø. Det er også viktig at det er ei tverrfagleg

gruppe som jobbar spesifikt med dette, forklarar ho.

Arbeidet med kommunane er målet å få den negative statistikken ned, men før dette skjer kan tala jobbe mot dei.

- Om ein byrjar arbeide grundig med ein ting, kan statistikken gå opp. Dette er fordi ein blir meir nøye med registreringar og fleire ting vil bli rapportert. Vi veit derimot at forholda forbe-trar seg, seier Emma Bjørnsen.

## SAKA

► I går tok Firda opp den nye Folkehelseprofilen for 2012. Statistikken viser at Sogn og Fjordane ligg høgt oppe på skadestatistikken.

► I går gjekk startskotet for ei ny satsing ut mot kommunane, for å redusere ulykker og skadar.

## Huseby - ikke dyrere, bare bedre!

Ingen andre kjøkkenprodusenter kan gi deg den samme valgmuligheten som oss - uten store tillegg i prisen.

Alle burde ha rett til et kjøkken som ingen andre har. Derfor får du nå et Huseby-kjøkken akkurat slik du vil ha det. Enten du vil ha spesielle dybder eller høyder, eller kanskje unike fargevalører - valget er ditt.

## Ekte kjøkkenglede

Skreddersomkampanjen uten pristillegg gjelder for bestilling innen 17. februar for leveringer innen 1. juni. Kampanjen gjelder ikke fronten Ingefær.



**Huseby**  
NORSK DESIGN

Etablert 1961  
**Gravdal**gruppa

Gravdalgruppa AS  
Halbrendøyra 2, 6800 Førde, tlf. 47 87 40 00

www.gravdal.no  
post@gravdal.no